

16.12.2019

Eidfjord kommune sin høyringsuttale

Nou 2019:16 skattlegging av vannkraftverk

Eidfjord kommune er ein kommune med stor aktivitet innan reiseliv, kultur, hytteutbygging – og kraftproduksjon.

Inntektene frå kraftproduksjonen bidreg til eit handlingsrom til å skapa utvikling i kommunen. Å avskaffa konsesjonsordningane og eigedomsskatt vil innebera at kommunen får redusert inntektene med 40-45 mill. årleg. Dette kan ikkje Eidfjord kommune godta. Det vil rasere kommunen sine muligheter utvikling i lang tid.

Den føreslegne ordninga i NOU 2019:16 vil ikkje berre bryte samfunnskontrakten knytt til vasskraftutbygging, men vil og skapa hinder for ny utbygging då grunnrenteskatten vert føreslege auka.

Kraftskatteutvalet sine forslag må forkastast, samfunnskontrakta oppretthaldast og kommunane må framleis ha sin rettmessige del av verdiskapinga.

Bakgrunn for utarbeidinga av NOU 2019:16 var å finna sett som kunne utløysa investeringar i den del av kraftpotensialet som framleis er uutnytta og vurdere om endringar i dagens skatteordningar ville føra til at fleire samfunnsøkonomisk gunstige vasskraftprosjekt vart realisert.

Utvalet foreslår å fjerne ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift som tilgodeser vertskommunane. I tillegg vert utrekningsgrunnlag knytt til eigedomsskatt foreslått endra, noko som vil redusere inntektsgrunnlaget her med meir enn 2/3 samanlikna med i dag. Totalt vil vertskommunane tapa 3,66 milliardar kroner kvart år som fylgje av desse endringane.

Kraftbransjen sjølv har peika på at det er grunnrenteskatten og korleis denne er utforma, som hindrar at samfunnsøkonomiske energiltak vert realisert. Likevel foreslår utvalet både å auke grunnrenteskatten og å redusere nedre grense for skattlegging frå 10 – 1,5 MVa. Småkraftnæringa vert ramma særleg hardt. Auka i grunnrenteskatt vil innebera auka inntekter til staten på 4,4 milliardar kroner.

Vasskraft har i over hundre år vore ei nasjonal ressurs med sterk lokal forankring. Eidfjord kommune har vore kraftkommune i mange år og opp gjennom åra har vi gjeve slepp på store naturverdiar for å bidra til storsamfunnet.

Kraftutbygginga i kommunen vår har satt irreversible spor i naturen noko som reduserer kvaliteten knytt til rekreasjon og friluftsliv i deler av kommunen.

Samfunnskontrakta

Sidan vasskrafteventyret i Noreg starta, har det vore brei politisk semje om at dei kommunane som bidrog med å stilla naturressursar til rådvelde for storsamfunnet skulle ha krav på ein varig del av dei verdiane ressursane innebar. Denne samfunnskontrakta har heile tida vore gjeldande og vart seinast

bekrefta av eit einstemmig storting i 2016 og 2017 (i samband med handsaming av energimeldinga og nye konsesjonslover). Utvalet sine forslag om å fjerna konsesjonsordningane og nærast eliminera eigedomsskatten vil innebera brot på samfunnskontrakta og brot på dei lovnadene kommunane har fått i samband med positive vedtak knytt til kraftutbygging.

Eidfjord kommune har i løpet av dei siste åra hatt vesentlege inntekter relatert til kraftproduksjon. Dette er midlar kommunen har hatt til å skapa gode tenester og levekår for innbyggjarane. Kraftfondet har ein nytta todelt, skapa best mogeleg rammevilkår for etablerarar og bidra i finansieringa av store og tunge utviklingsprosjekt - både for dei som bur her og dei som besøker oss. Eidfjord er ikkje av dei største kraftkommunane i landet, men ser inntektene frå kraftproduksjonen som særst viktige for å kunna oppretthalda og vidareutvikla kommunen.

Utan lokale inntekter vil kommunen sin motstand mot dei inngrepa vasskraftutbygginga representerer auka.

Utvalet foreslår inga kompensasjon for dei økonomiske tapa kommunane vert påført. I diskusjon kring fordelingseffektar vert det sagt at eigne ordningar for deling knytt til naturressursskatten bør vurderast. Ei slik deling vil generelt vera eit stort gode for bykommunane, Eidfjord kommune vil framleis sitja att med eit årleg inntektstap på om lag 40 millionar.

Eidfjord kommune er del av landsamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK). Vi er kjent med at LVK har utarbeida eige høyringssvar og støttar sjølvstendig opp om innhaldet i denne. Eidfjord kommune ynskjer likevel å konkretisera kva endringane kraftskatteutvalet foreslår inneber for oss.

Eidfjord kommune ber regjering og storting om å forkasta kraftskatteutvalet sine forslag, oppretthalda samfunnskontrakta og sikra at kommunane får sin rettmessige del av verdiskapinga.